



## Møteinkalling

---

**Utval:** **Naustdal-Gjengedal verneområdestyre**

**Møtestad:** Skei

**Dato:** 16.09.2024

**Tidspunkt:** 10:00

---

Eventuelt forfall må meldast snarast til verneområdeforvaltar. Vararepresentantar møter etter nærmere beskjed.

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre har styremøte frå kl 10.00 til om lag kl 15.00.  
Pause med enkel servering undervegs.

Kl 15.30 vert det felles middag med Rådgjevande utval for Naustdal-Gjengedal  
landskapsvernombude

Frå kl 16.30 vert det møte med Rådgjevande utval. Møtet er slutt seinast kl 19.00



## Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 18/24	Godkjenning av innkalling og sakliste		
ST 19/24	Val av styremedlem til å signere protokoll		
RS 5/24	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - orienteringssaker styremøte 4/2024		2019/4183
RS 6/24	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - status på tiltak og tiltaksmidler styremøte 4/2024		2019/4173
ST 20/24	Naustdal-Gjengedal landskapsvernombord - Søknad om fornying av fleirårig skuterløyve - Søreide og Ryssdal beiteland		2021/4431
ST 21/24	Naustdal-Gjengedal landskapsvernombord - Søknad om å bruka ATV på buføringsveg - Traudalen Beiteland		2024/12610
ST 22/24	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag på høyring		2019/7253
ST 23/24	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Strategi for skjøtselstiltak og skjøtselsmidler		2020/8789
ST 24/24	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - revidering av forvaltningsplan styremøte 4-2024		2022/10021
ST 25/24	Eventuelt		

**ST 18/24 Godkjenning av innkalling og sakliste**  
**ST 19/24 Val av styremedlem til å signere protokoll**



Arkivsaksnr: 2019/4183-0

Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik

Dato: 10.09.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	5/24	16.09.2024

## Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - orienteringssaker styremøte 4/2024

### Innstilling frå forvaltar

Styret tek orienteringssakene til vitande.

### Saksopplysningar

#### Delegerete vedtak sidan førre møte:

- Gimmestad-Moen sameige fekk i august løyve til å lande med helikopter ved Svarthammaren i samband med rehabilitering av jakthytte.
- NVE fekk i august løyve til å lande med helikopter på fjellet over Osmundnes i samband med vedlikehald og reoerasjon av reflektorar til overvaking av ustabile fjellmassar.
- Traudalen Beitelag fekk i august løyve til å køyre med ATV på buføringsvegen i Traudalen i samband med transport av ei grind.

#### Økonomi

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre har i 2024 fått tildelt kr 140.000 i driftsmidlar. Av desse er 90.000 til drift av styret og 50.000 til vedlikehald på infrastruktur. Per 10.9 er det forbrukt om lag 54.500. I tillegg er det bunde opp ein del til planlagt vedlikehald av infrastruktur.



### Mogeleg forvaltingsansvar for Eimhjellen naturreservat

Det er døreslege vern av Eimhjellen naturreservat i Hyen gjennom ordninga med frivillig skogvern. Både Statsforvaltaren, Miljødirektorat og kommunen er positive til verneforslaget. I utgangspunktet so er det tre løysingar for forvaltninga av naturreservatet. Forvaltningsansvaret kan ligge til Statsforvalteren i Vestland, til Gloppen kommune eller til eit etablert nasjonalpark- eller verneområdestyre i nærleiken.

Det er derfor aktuelt at Naustdal-Gjengedal verneområdestyre kan få tilbod om å bli forvaltningsstyretemanhald for Eimhjellen naturreservat.

[Vi tilrår Eimhjellen naturreservat i Gloppen kommune | Statsforvaltaren i Vestland \(statsforvalteren.no\)](#)



Arkivsaksnr: 2019/4173-0

Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik

Dato: 10.09.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	6/24	16.09.2024

## Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - status på tiltak og tiltaksmidlar styremøte 4/2024

### Innstilling frå forvaltar

Styret tek orienteringa til vitande

### Saksopplysningar

#### Dokument i saka:

- Status på tiltak og tiltaksmidlar per 10.9

Naustdal-Gjengedal har fått tildelt kr 600.000 i tiltaksmidlar i 2024. I tillegg har vi 50.000 i driftsmidlar. Tiltaksmidlane er fordelt, men det er enno lite som er betalt ut. Det meste vert betalt ut seinst på hausten etter rapportering av ulike tiltak.

#### Skjøtsel

Vi har særsklig god aktivitet på skjøtselsarbeidet i Naustdal-Gjengedal, og truleg vil mesteparten av tiltaksmidlane våre i 2024 gå til skjøtselstiltak.

Vi har avtale med seks grunneigarlag om skjøtsels på støylar og støylsområde. Alle har jobba med skjøtselsarbeid i sommar, men det endelege omfanget og resultatet veik vi ikkje før dei skal rapportere innan 15.november.

Vi har også hatt ein god innsats på uttak av gran i 2024. Verksemda Skogkonsult var i april i Ryssdalen og tok ut eit par felt der. Dette var arbeid som vart avtala i fjor med fjarårest midlar.

Vi har også inngått avtale med nokre grunneigarar som har tatt ut eller skal ta ut gran ved Ravnestadstøylene og i Fitjedalen. Vi har også hatt Bygdeservice i Ryssdalen/Nesdalen for å gjøre ferdig jobben som Skogkonsult ikkje kom heilt i mål med.



### **Merking av stiar**

Midtre Nordfjord turlag har merka opp att Byrkjeneset – Måsevassvatnet, Jardalen rundt, Lisbethdalen – Leitebakkane og Traudalen-Morafta.

### **Kloppar**

Bygdeservice har produsert ein del kloppar for Naustdal-Gjengedal. Mesteparten av desse er levert til Rygg og Grov sameige som har eit prosjekt med klopplegging av første del av stien til Traudalsnibba.

Bygdeservice har og fått i oppdrag å reparere kloppane som ligg i Langedalen.

### **Buføringsveg i Traudalen**

Traudalen Beitelag skal utbetre om lag 200 m frå det som i dag er enden av buføringsvegen. Dette gjer dei med minigravar og finansiert av eksterne midlar (ikkje tiltaksmidlar). På det vidare strekket skal verneområdeforvaltninga med hjelp av tenestekjøp gjere manuell utbetring om vi rekk det no i haust.

### **Informasjonsskilt**

Det vert sett opp eit informasjonsskilt i nærleiken av Hafstadparken i Førde.

Det er alltid litt vanskeleg å anslå nøyaktig korleis vi ligg an med tiltaksmidlane. Det er fleire tiltak som vi ikkje veit heilt kva vil koste. Vi veit heller ikkje sikkert om dei som har skjøtselsavtale brukar opp heile ramma si. Vi er litt konservative i planlegginga der slik at vi unngår budsjettsprek. Men det aller meste går etter planen.



Arkivsaksnr: 2021/4431-0

Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik

Dato: 10.09.2024

<b>Utval</b>	<b>Utvalssak</b>	<b>Møtedato</b>
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	20/24	16.09.2024

## **Naustdal-Gjengedal landskapsvernombord - Søknad om fornyning av fleirårig skuterløyve - Søreide og Ryssdal beitelag**

### **Innstilling frå forvaltar**

Søreide og Ryssdal Beitelag får løyve til å køyre snøskuter i Naustdal-Gjengedal landskapsvernombord i samband med transport av saltstein. Løyvet gjeld for to turar til Vardevatnet og to turar til Søreidefagredalen kvart år i åra 2025 til 2028. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta § 3 punkt 5.3.b.

#### Vilkår for løyvet:

- Køyringa skal skje i perioden 1.februar til 31.mars.
- Det skal ikkje køyrast på sundagar eller heilagdagar.
- Løyvet skal vere med under køyring.
- Det skal fyllast ut køyrebok før køyringa tek til, og denne skal vere med under køyring.
- Det skal ikkje køyrast nærmare villrein enn 500 m.
- Statens naturoppsyn skal varslast seinast dagen før køyring med SMS til 975 95 102. Hugs å merke SMS med namn.
- Verneområdeforvaltar skal ha ein kort rapport etter at køyringa er gjennomført.



## Saksutgreiing

### Dokument i saka:

- Søknad om fornying av løyve
- Verneforskrift for Naustdal-Gjengedal LVO
- Løyve til skuterkjøring 2022-2024

### Søknaden

Søreide og Ryssdal beiteland har i mange år hatt fleirårige løyve til å transportere saltstein med snøskuter til ulike stader i beiteområda sine inne i Naustdal-Gjengedal landskapsvernombord. Beitelaget søker no om nytt løyve. Dei søker om løyve for åra 2025 – 2028, på same vilkår som tidlegare.

Det førre løyvet gjaldt for to turar til Vardevatnet og to turar til Søreidefagredalen kvart år, i perioden 1.februar til 31.mars.

### Regelverk

Motorferdsel er i utgangspunktet forbode i Naustdal-Gjengedal landskapsvernombord. Forvalningsstyresmakta kan likevel gje løyve til visse former for motorferdsel til visse føremål. Mellom anna gjeld dette transport av saltstein til beitedyr, jamfør verneforskrifta § 3 punkt 5.3.b:

- 5.3. *Forvalningsstyresmakta kan gje løyve til bruk av luftfarty, båt med motor, eller beltekjøretøy på vinterføre i samband med:*  
[...]  
*b) transport av saltstein og liknande for husdyr på beite*

Alle vedtak som kan verke inn på naturmiljøet skal, jamfør naturmangfaldlova (nml) § 7, vurderast opp mot miljørettsprinsippa i nml §§ 8-12.

All motorferdsel i utmark i utmark må vere i tråd med Lov om motorferdsel i utmark. Det er kommunen som handsamar denne lova. Normalt sett har kjøring i tilknyting til landbruksdrift generell dispensasjon i lova. Det er søkeren sitt ansvar å kontrollere om det er tilfelle i kvar enkelt sak. Ein må og ha løyve frå grunneigar dersom ein skal køyre på andre sin grunn.

### Vurdering

Utkjøring av saltstein før beitesesongen er eit anerkjent og naturleg behov. Det er omtala både i verneforskrift og i forvalningsplan, og verneområdestyret har som praksis å kome beitenæringa sine behov i møte innanfor rammene i regelverket. Til transport av saltstein der det ikkje er veg, er bruk av snøskuter på vinterføre blant dei mest praktiske og skånsame måtane å transportere ut saltsteinar på (jamfør nml § 12).



Det førre løyvet gjaldt for februar og mars månad. Særleg mars er normalt ein god månad for denne typen transport, men i snøfattige vintrar kan februar og vere aktuell. Det kan og vere bra føre i april, men vi prøvar å avgrense motorferdsel i fjellet i april og mai, med omsyn til kalvetida til villrein og elles yngletid for andre artar. Det verkar til at løyve for februar og mars er tilstrekkeleg for beitelaget, og då er det fornuftig å halde på den perioden.

Villreinen i området nyttar Jardalen og fjella rundt i stor grad. Særleg gjeld det som sommarbeite og tidleg i kalvetida. Villrein er sårbar for uro, men dette gjeld først og fremst i kalvetida (frå 1.april og utover). Køyring i februar og mars vil derfor normalt sett gå greitt, so lenge ein tek omsyn dersom ein møter på rein under køyring. Då skal ein stoppe opp og la reinen trekke roleg unna.

Dette er eit område som er godt kjent for verneområdeforvaltninga. Vi har hatt mange saker og synfaringar her. Utsjekk i Naturbase syner ikkje registreringar av sårbare naturverdiar her, utover det vi allereie har peika på kring villreinen. Kunnskapsgrunnlaget (jamfør nml § 8) er godt.

Motorferdsel knytt til beitenæringa er høveleg regulert på eit nivå som både forvaltninga er nøgd med og som tilsynelatande dekkjer beitenæringa sine behov. Samla belasting av motorferdsla både i Jardalen og elles er akseptabel. Vi har ein tydeleg forvaltningspraksis og eit løyve her vil ikkje skape nokon annan presedens enn den som er gjeldande. Eit løyve vil vere i tråd med naturmangfaldlova § 10.

Verneområdeforvaltninga har god erfaring med måten beitelaget har brukt tidlegare løyve på, inkludert gode rutinar med varsling og rapportering.

Naturmangfaldlova §§ 9 og 11 er ikkje aktuelle i saka.



Arkivsaksnr: 2024/12610-0

Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik

Dato: 30.08.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	21/24	16.09.2024

## Naustdal-Gjengedal landskapsvernombane - Søknad om å bruka ATV på buføringsveg - Traudalen Beitelag

### Innstilling frå forvaltar

Traudalen beitelag får løyve til å køyre med ATV på buføringsvegen i Traudalen i samband med transport av gjerde og anna materiell til beitebruk. Løyvet gjeld for inntil fire turar per år i åra 2025 til 2028. Løyvet er gjeve med heimel i naturmangfaldlova § 48 første ledd, og gjeld på desse vilkåra:

- Løyvet kan ikkje nyttast til persontransport eller anna transport som ikkje har med beitebruk å gjere.
- Det kan køyrast med firehjuling eller sekshjuling og eventuelt med tilhøyrande tilhengar.
- Køyring kan berre skje på det som er opparbeida buføringsveg inn til Røyrvika. Det skal ikkje køyrast i terrenget eller på stiar utanom vegen.
- Statens naturoppsyn skal varslast per SMS til nummer 97595102 før køyring tek til. Hugs å opplyse i SMS kva køyringa gjeld.
- Det skal ikkje køyrast på søndagar.



## Saksutgreiing

### Vurdering Dokument i saka:

- Søknad om fleirårig løyve til å bruke ATV på buføringsvegen i Traudalen
- Verneforskrift for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde
- Naturmangfaldlova

### Søknaden

Traudalen beitelag representerer grunneigarar og dyreeigarar som har dyr på beite inne i verneområdet i Traudalen. Underveis i beitesesongen ønskjer dei at dyra skal halde seg i beiteområda rundt Dalsbøen og elles innover i Traudalen. Dei er derfor avhengig av å ha fungerande og vedlikehaldne gjerder og grind i Traudalen, særleg i Røyrvika der enden av buføringsvegen er.

Beitelaget vil stundom ha behov for å frakte inn material og utstyr til å halde ved like gjerde og grind. For å ha ein viss fleksibilitet og kunne reparere raskt når behov oppstår, søker dei derfor om eit fleirårig løyve til å bruke ATV på buføringsvegen til den typen transport.

Beitelaget søker om løyve for ein periode på fem år, og inntil fire turar per år.

### Regelverk

Motorferdsel er i utgangspunktet forbode i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde, jamfør verneforskrifta § 3 punkt 5.1. Forbodet gjeld òg for buføringsvegen. Forskrifta opnar for at forvaltningsstypesmakta kan gje løyve til bruk av motorferdsel til visse føremål, men det gjeld ikkje køyring på barmark. Søknaden må derfor handsamast i etter den generelle dispensasjonsheimelen i naturmangfaldlova (nml) § 48, første ledd:

### § 48.(dispensasjon fra vernevedtak)

*Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.*

Det er første alternativet (mi understrekning) som er aktuell å bruke her. Heimelen skal vurderast strengt og brukast unntaksvis. Den er særleg aktuell for tilfelle som ikkje vart vurdert eller ikkje var aktuelle på vernetidspunktet.

Alle vedtak som kan verke inn på naturmiljøet skal, jamfør nml § 7, vurderast opp mot miljørettsprinsippa i nml §§ 8-12.

Ofte må motorferdsel i utmark ha løyve frå andre instansar, som til dømes kommune og grunneigar. Det er søkeren sjølv sitt ansvar å sjekke dette og eventuelt få dei naudsynte løyva før motorferdsel tek til.

### Vurdering

I desse sakene som skal vurderast etter § 48 i naturmangfaldlova må ein først vurdere om vilkåra i paragrafen er oppfylt, før ein kan deretter kan vurdere om det er fagleg tilrådeleg å gje dispensasjon. Då må ein mellom anna sjå til føremålsparagrafen i verneforskrifta.




## § 2. Formål

*Formålet med vernet er å ta vare på eit eigenarta og vakkert naturområde som er så godt som fritt for tyngre tekniske inngrep, og som har stor variasjon i natur frå lågland og stølsdalar til fjellområde med brear, mange dalar med elvar og store og mindre vatn. Det er vidare eit formål å ta vare på kulturlandskapet med dei kulturminna det inneheld. Området skal også kunne nyttast til tradisjonelt friluftsliv utan særleg teknisk tilrettelegging.*

Aktiviteten det er søkt om her er ikkje i strid med verneføremålet. Ein kan heller ikkje seie at bruk av ATV på ein opparbeida buføringsveg som er dimensjonert for det, kan påverke verneverdiane nemneverdig. I alle fall ikkje so lenge omfanget ikkje blir so stort at det kan vere forstyrrende for friluftsliv. Konklusjonen er at forvalningsstyresmakta kan gje dispensasjon etter nml § 48 i denne saka.

Buføringsvegen i Traudalen vart bygd etter at området vart verna. Logisk nok er ikkje verken buføringsvegen eller bruk av vegen omtala i verneforskrifta eller i forarbeida til vernet. Buføringsvegen vart bygd i samarbeid med beitelaget for å sikre at beitedyra kjem seg inn i Traudalen og kan både utnytte beiteressursane og halde kulturlandskapet der inne. Beitebruk og kulturlandskap er derfor det primære føremålet med buføringsvegen, og det er og det som er føremålet med den ferdsla som det her er søkt om.



Kart som syner kor buføringvegen i Traudalen går.

Traktorvegen som går inn til starten av buføringsvegen ligg delvis innanfor landskapsvernområde. Her har grunneigarane i Traudalen allereie fleirårig dispensasjon etter nml § 48 til bruk av traktorvegen, men med eit meir omfattande føremål enn det som er søkt om her.

Buføringsvgene er bygd med minigravar og toler avgrensa køyring med ATV. So lenge vegen blir brukt vil avgrensa køyring med ATV ikkje føre til nemneverdig slitasje på vegen og det vil heller ikkje sette spor i terrenget. Ein kan heller seie at når buføringsvegen først er der, so er transport på den med ATV eller tilsvarande den mest skånsame måten å transportere gjerder og anna utstyr til beitebruken (jamfør nml § 12).



Det er likevel viktig at køyring med ATV langs buføringsvegen har klare avgrensinger. Køyringa må avgrensast til eit fåtal turar for året, både for å unngå slitasje og skadar på vegen, men også av omsyn til friluftsliv. Det er også særskilt viktig at køyringa vert avgrensa til det som er opparbeida buføringsveg. Forsøk på å køyre vidare innover stien eller køyring på sida av buføringsvegen vil sette stygge spor og det kan ein ikkje akseptere. Det gjeld også når ein skal snu eller manøvrere ATV'en. Det kan berre skje der det er høveleg snuplass, ein kan ikkje nytte terrenget på sida til det.

Det er søkt om å køyre inntil fire turar per år. Det er eit rimeleg omfang. Det er ikkje definert noko tidsperiode, men det må logisk nok vere når det er barmark og det er beitesesongen som er mest aktuell. Det er neppe behov for å sette ein periode i eit eventuelt løyve. Beitelaget søker om løyve for 5 år. Verneområdestyret har som praksis å gje løyve inntil ein styreperiode, også fire år. Beitesesongen i 2024 er allereie på hell, og eit løyve vil ikkje ha særleg effekt i 2024. Det er derfor mest naturleg å vurdere eit løyve for åra 2025-2028.

Forvaltninga kjenner området særskilt godt gjennom både fleire saker og tiltak som vi har jobba med. Vi kjenner ikkje til naturverdiar som kan verte negativt påverka av tiltaket. Området er innanfor leveområdet til villreinen i Førdefjella, men i ein del av det som berre er sporadisk i bruk som sommarbeite med sjeldne observasjonar av rein. Det er dessutan nede i skogsmark. Kunnskapsgrunnlaget, jamfør nml § 8, er godt.

Omfanget av motorferdsel i Traudalen er lågt. Det er noko bruk av båt med motor på vatnet, og so har vi desse transportane langs buføringsvegen. Samla belastning, jamfør nml § 10, er særskilt låg. Eit eventuelt løyve er i tråd med forvaltningspraksis og skapar ikkje uehildig presedens.

Naturmangfaldlova §§ 9 og 11 er ikkje aktuelle i saka.



Arkivsaksnr: 2019/7253-0

Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik

Dato: 03.09.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	22/24	16.09.2024

## Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag på høyring

### Innstilling frå forvaltar

Styret diskuterer saka i møte og vedtek eventuell fråsegn.

### Saksopplysningar

#### Bakgrunn:

Klima- og miljødepartementet har sendt forslag til ny Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag ut på høyring med høylingsfrist 15.september 2024. Forslaget bygger på *Motorferdsellovutvalgets utredning NOU 2024:1*

Lovforslaget og utgreiinga ligg tilgjengeleg her:

[Høyring - NOU 2024: 10 Ny motorferdsellov - regjeringen.no](#)

#### Vurdering

Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag (motorferdsellova) er ei viktig og mykje brukt lov når det gjeld forvaltning av utmark i Noreg. Bruken av motorferdsel i utmark er omfattande, aukande og gjeld alle landets kommunar i større eller mindre grad. Motorferdsel i utmark skapar og eit særstort engasjement. Det er derfor ei stor og viktig lov for mange.

Det er kommunane og til dels Statsforvaltaren som handterer lova og som kan gjere dei ulike vedtaka i tråd med lova. Det var slik i den gamle lova og det er føresleger vidareført i den nye.

Verneområde- og nasjonalparkstyra handterer denne lova i mindre grad. De vurderer motorferdselsakene i tråd med reglane for motorferdsel i dei enkelte verneforskriftene for kvart verneområde. Motorferdselsaker innanfor verna område skal handsamast etter begge desse regelverka, og motorferdsellova får derfor ein viss indirekte verknad. Her er og ein del



---

definisjonar og retningslinjer som er naturleg å sjå til i verneområdestyret si handsaming av saker.

Hovudprinsippa i den nye lova er lik som i den gamle. Den slår fast at motorferdsel i utmark og vassdrag i utgangspunktet er forbode. Men so er det opne for at nokre former for motorferdsel har generell dispensasjon, noko motorferdsel kan tillatast gjennom vedtekne planar, og noko motorferdsel kan få dispensasjon etter søknad til kommunen. Det er bra at desse prinsippa er vidareført, og dei er dei same som reglane om motorferdsel i verneforskrifta til Ålfotbreen.

I den gamle lova var det fleire runde og uklare formuleringar. Dei fleste sakene som kommunane handsamar, vert vurdert etter den eksisterande § 6, som opnar for å gje løyve til motorferdsel «*når særlige grunner foreligger*». Det ver då veldig opp til den enkelte kommune og sakshandsamar å definere kva som er særlege grunnar. I det nye lovforlaget er det vesentleg meir detaljert, og det er definert i ei rekke paragrafar kva slags føremål og aktivitet ein kan gje løyve til. Det er ei god endring, som truleg vil føre til ei meir heilskapleg forvaltning.

I den nye lovforлага er det bygd opp slik at motorferdsel i utmark som sagt i utgangspunktet er forbode. So er det eit kapittel med reglar for motorferdsel som har generell dispensasjon, som til dømes redningstenesta. So kjem eit kapittel med reglar for motorferdsel som kommunen kan opne for i plan, som til dømes område for køyreoplæring. So kjem eit kapittel med reglar for aktivitet der kommunen kan gje dispensasjon, til dømes til transport av material til byggearbeid.

Dette er ein oversiktleg og logisk oppbygging som er ganske grei å finne fram i.

I den nye lova er det sterkare verkemiddel og føringar for å ta vare på sårbar natur. Mellom anna er kalvingsområde for rein nemnt spesifikt i lovforlaget. Det er ei positiv og gledeleg styrking av omsynet til villreinen og særleg kalvingsområda.

Andre merknader:

- Forslaget opnar ikkje for meir motorferdsel til reine fritidsføremål.
- I lovforlaget er det sterkare verkemiddel for å skjerme sårbar natur, som til dømes yngle- og hekkeområde. Det er og positivt og eit godt signal.
- Lovforlaget opnar for motorferdsel for funskjonsnedsette i rullestol eller liknande, so lenge køretøyet er konstruert for å kompensere for funskjonsnedsettinga.
- I lovforlaget vert det slått fast at helikopterfrakt med lang line og underhengande last er å rekne som landing. Det er ei presisering og skjerping frå dagens gjeldande rettspraksis.

### Oppsummering

Forvaltar si vurdering er at det nye forslaget er ei forbetring av dagens motorferdsellov, og at her er mykje bra i forslaget. Eg har ikkje oppdaga nokon endringar eller reglar som verneområdestyret bør gå i mot.



Arkivsaksnr: 2020/8789-0

Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik

Dato: 10.09.2024

<b>Utval</b>	<b>Utvalssak</b>	<b>Møtedato</b>
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	23/24	16.09.2024

## **Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Strategi for skjøtselstiltak og skjøtselsmidlar**

### **Innstilling frå forvaltar**

Verneområdeforvaltar har ikkje innstilling i saka.

### **Saksopplysningar**

#### **Bakgrunn og historikk**

Sidan 2014 har Naustdal-Gjengedal verneområdestyre hatt skjøtselsavtalar med ulike grunneigarlag, og betalt ut tiltaksmidlar til grunneigarlaga basert på desse avtalane. Dei første åra var det berre Arnestad grunneigarlag som hadde avtale og gjorde skjøtselsarbeid på Arnestadstøylen. Etter kvart kom fleire grunneigarlag til, og no i 2024 har styret avtale med seks grunneigarlag. Det vert i år gjort skjøtselsarbeid på Arnestadstøylen, Sandsstøylen, Gimlestøylen, Fitjestøylen, Ryssdalsstøylen og Nes-/ Ytre Kandalstøylen.

Av 600.000 i tiltaksmidlar i 2024, er 270.000 bunde opp i skjøtselsavtalane og skal gå til skjøtsel på dei nemnde støylane. Med andre ord vert om lag halvparten av tiltaksmidlane som verneområdestyret får og skal fordele på ulike tiltak, brukte på skjøtsel gjennom skjøtselsavtalar. I tillegg har ein del midlar blitt brukt til skjøtsel utanfor avtalane, og då særleg til fjerning av gran.

Vi har god erfaring med desse skjøtselsavtalane, og har inntrykk av at dei vert godt motteke blant dei grunneigarane som inngår avtale.



## Utfordringar / Problemstillingar

Til no har vi hatt soppas bra med tiltaksmidlar til dette arbeidet at alle grunneigarlaga som har meldt interesse har fått avtale og fått opp til 50.000 i året til skjøtselsarbeid. Krava har vore at dei må ha ein skjøtselsplan, bruke midlane på faktiske skjøtselstiltak og at dei sender inn rapport. Dersom utviklinga held fram og endå fleire grunneigarlag melder interesse for skjøtselsavtale, vil det etter kvart bli lite tiltaksmidlar att til andre tiltak (tilrettelegging og informasjon). Vi kan bli nøydde til å prioritere grunna dette.

Vurdert etter dei parameter vi har lagt til grunn til no, har skjøtselsarbeid og skjøtselsavtalar fått høg prioritet samanlikna med tilrettelegging og informasjon. Tiltaka kjem godt ut med kombinasjonen låg kostnad, lokalt engasjement og at skjøtsel er direkte knytt til verneverdiar og verneføremål.

Til no har vi hatt lage krav til støylar som skal komme inn under ordninga. Det har ikkje vore krav til at støylen eller området skal vere inne i sjølve verneområdet. Det har vore nok at *grunneigarlaget* har areal inne i verneområdet eller at det er innfallsport. Vi har derfor ein viss variasjon mellom støylene. To av dei ligg inne i verneområdet, tre ligg rett utanfor grensa og ein ligg eit godt stykke i frå. Vi har fått nokre spørsmål om dette frå grunneigarar som reagerer litt på at støylar langt frå sjølve verneområdet vert likestilt med dei som ligg inne i verneområdet.

Vi har ei dårlig geografisk fordeling av avtalane. Alle dei vi har gjort avtale med ligg i Gloppe, frå Sande til Ytre Kandal. Det er ikkje bevisst, men kjem av den enkle grunn at det er dei som har meldt interesse. Vi har prøvd å informere om muligheten til å få skjøtselsavtale, men enno er det berre i dette området vi har fått henvendingar.

Skjøtselsplanane vi legg til grunn er veldig enkle. Dei bygger på eit enkelt prinsipp om at slått og rydding av kratt og ugras er positivt for kulturlandskapet. Vi måler ikkje måloppnåing eller effekt. Mange av planane har heller ikkje kart eller anna tydeleg avgrensing av skjøtselsområde. Skjøtselsplanane er ikkje kvalitetssikra av fagpersonell.

Vi set krav om at midlane skal brukast til reelt skjøtselsarbeid og ikkje til anna arbeid på støylene (bygningar, installasjonar, vegar etc) men vi har ikkje nokon god måte å kontrollere dette på. Vi merkar eit visst ønske om å bruke skjøtselsmidlar til anna enn skjøtsel, men kan ikkje seie sikkert om det har blitt gjort.

Vi ser at det vert brukt litt ulike metodar for slått, og gjerne mest dei metodane og teknikkane som ikkje er dei beste. Effektivitet og estetikk vert vektlagt og prioritert foran kva som faktisk er best for artsmangfaldet. Det vert ofte brukt plenklyppar der det er forhold til det, og elles motoryddesag med tråd og beitepussar. Veldig ofte vert og graset liggande att, og vi får ein uønska gjødslingseffekt.

For å oppnå ønska resultat og utvikling bør det brukast metodar som skjer eller klypper graset, og so bør graset fjernast. Samstundes er det ein balansegang, der ein ikkje bør gjere det for tungvindt å drive skjøtselsarbeid heller. Då vil viljen og motivasjonen for å drive skjøtselsarbeidet fort minske hos ein del.



Vi har krav om rapportering. Det er veldig enkle rapportar som gjerne ikkje er meir enn ei timeliste og nokre bilete. Vi må av og til mase litt for å få inn desse innanfor fristen eller ikkje so altfor lenge etter.

**Moment til diskusjon:**

1. Kor mykje midlar skal brukast til skjøtsel? Bør her settast ei grense? Enten som ein sum eller som ein andel av dei totale tiltaksmidlane.
2. Bør vi ha strengare krav til kva støyalar eller andre kulturlandskap som kan vere med på ordninga?
3. Bør tildelinga differensierast meir enn i dag?  
Kva faktorar skal då leggast til grunn?
4. Er dei enkle skjøtselsplanane gode nok?
5. Bør det settast større krav til metode og utføring?
6. Skal vi sette strengare krav til rapportering og måloppnåing?
7. Er det eit mål å få til betre geografisk fordeling? Korleis skal vi i so fall få til det?



Arkivsaksnr: 2022/10021-0

Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik

Dato: 10.09.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	24/24	16.09.2024

## Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - revidering av forvaltningsplan styremøte 4-2024

### Innstilling frå forvaltar

Verneområdeforvaltar tek med seg innspel og merknader som kjem fram i møte og arbeidar vidare med eit endeleg høyringsframlegg til styremøte 5/2024

### Saksopplysningar

#### Dokument i saka:

- Eksisterande forvaltningsplan
- Revidert forvaltningsplan utkast per 10.9.24

#### Status

Verneområdeforvaltar har fått jobba ein del med den reviderte forvaltningsplanen i sommar, og det vart sendt ut eit utkast til styret før forvaltar tok ferie. Etter ferien har forvaltar jobba vidare med ein del språk og mindre endringar.

Vedlagt med dakspapira ligg eit utkast slik som planen er no.



### **Handsaming i møte**

- Verneområdestyret går gjennom planutkastet.
- Verneområdeforvaltar tek med seg endringar og merknader og innarbeider dei i dokumentet.

Sentrale spørsmål:

- Er det noko som manglar?
- Er det noko som kan/bør takast vekk?
- Er det noko som er uklart eller upresist?
- Er her retningslinjer som bør endrast?
- Er retningslinjene dekkande, eller er her spørsmål eller tema som bør omtalast meir?
- Kva bør vere med av vedlegg, kart, figurar og biletar?
- Kva slags plass skal Besøksstrategien ha?  
(følgje som vedlegg som seinare kan oppdaterast eller implementere innhaldet?)

**ST 25/24 Eventuelt**